

---

Saksnr: 2021/47877-41  
Saksbehandlar Susan Husabø  
Dato: 11.11.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for opplæring og kompetanse

---

**Frå:** Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse

---

## Spørsmål om prosentdel av søkarar som får tilbod om skuleplass på første ønske

Avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse ønsker å informere hovudutvalet om at Stian Davies, utvalgsleiar for hovudutval for kultur, idrett og integrering sendte inn spørsmål til opplæringsavdelinga som gjekk ut på kva prosentdel av søkarar som får tilbod om skuleplass på første ønske.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse gav slikt svar:

I løpet av perioden frå søknadsfristen 1. mars og til skulestart ca. 20.august blir det fleire gonger presentert tal for kor stor del av søkarane som har fått tilbod om skuleplass og tilbod på sitt første ønske. Det er både i avdelingsdirektøren si tilråding til justeringar og i pressemeldingar etter inntaksrundane. Tala endrar seg gjennom inntaksperioden.

Det har vore stilt spørsmål om søkarane frå tidlegare Sogn og Fjordane fylke i mindre grad får oppfylt sitt første ønske no, enn dei gjorde før vi blei Vestland fylke.

Då Hordaland og Sogn og Fjordane vart Vestland gjekk vi frå 16 000 søkarar i Hordaland og 4 000 søkarar i Sogn og Fjordane, til om lag 20 000 søkarar i Vestland fylkeskommune.

Avdelingsdirektøren har valt å gå gjennom tala etter siste inntaksrunden, då resultatet på dette tidspunktet, sett med elevperspektivet, er svaret på korleis det gjekk med søkarane.

	Skuleår		
	2019/20	2020/21	2021/22
<b>Sogn og Fjordane</b>			
Søkarar	3 993	3 842	3 845
Inntekne til 1. ønske	87,0 %	91,0 %	88,0 %
<b>Vestland totalt</b>			
Søkarar	19 664	19 761	19 643
Inntekne til 1. ønske	85,7 %	84,8 %	86,3 %

Skuleåret 2019/20 er siste året med inntak i dei to tidlegare fylka. Gjennomgang av inntaksstatistikken for dei tre siste åra, syner at for søkarane frå tidlegare Sogn og Fjordane ikkje har vore nedgang i delen søkarar som har fått skuleplass på sitt første ønske.